

Høyringsfråsegn

PLANPROGRAM FOR REGIONAL PLAN FOR SENTERSTRUKTUR OG BEREKRAFTIGE LOKALSAMFUNN

Av Tommy Aarethun, Dagleg leiar i Initiativ Vest



Innleiing

Initiativ Vest syner til oppstarten av arbeidet med ny *Regional plan for senterstruktur og berekraftige lokalsamfunn* i Vestland, og takkar for høve til å kome med innspel til planprogrammet på det noverande tidspunktet.

Senterstruktur og forholdet mellom regionale senter og deira omland er ein tematikk som vi i Initiativ Vest er svært opptekne av, og vi meiner dette er ein viktig tematikk dersom ein skal få til ynskja utvikling på Vestlandet framover. Vi har ved fleire høve skrive om denne tematikken i regionale medier, og på vår eiga nettside, og vi vil syne til desse oppslaga i teksten.

Oppdaterte tal frå Statistisk sentralbyrå (SSB)¹ frå juli 2022 syner at folk flyttar til byane og dei større stadene, og at ei rekkje kommunar ligg an til å oppleve stor nedgang i talet på innbyggjarar. Dette er ein kjent global trend, men vi meiner dei oppdaterte tala frå SSB ytterlegare understrekar behovet² for å sjå nærmare på desentralisert sentralisering og regional arbeidsfordeling.

Vi trur det er naudsynt å både tenke og planlegge i desse baner, dersom ein skal lukkast med å oppretthalde og utvikle gode samfunn i regionen. Difor meiner vi det er bra at ein no får på plass ein ny regional plan for senterstruktur og berekraftige lokalsamfunn og at denne, slik det går fram av høyringsdokumenta, vert nytta som eit viktig strategisk verktøy. Vi vonar også at ein nyttar denne prosessen til å løfte tematikken høgare på dagsorden i regionen, for å bidra til å forankre og utvikle tenkinga kring dette. Om ein skal lukkast med ei slik utvikling trur vi det er avgjerande at fleire i regionen får innsikt i og eigarskap til omgrepa og tenkinga som ligg bak dette arbeidet.

¹ <https://www.ssb.no/befolkning/befolkningsframskrivinger/statistikk/regionale-befolkningsframskrivinger/artikler/folketallet-vil-krympe-i-40-prosent-av-kommunene-fram-mot-2050>

² <https://www.sognavis.no/folketalsutviklinga-bor-bane-veg-for-droftingar-om-desentralisert-sentralisering/o/5-115-834897>

Vestlandet treng sterke senter som samarbeida godt med sine omland

Innleiingsvis i høyringsdokumentet, under kapitel 1.2, vert det peika på at «kommunane har ujamn folketals- og næringsutvikling, og det skjer ei sentralisering av folk, kompetanse, og investeringar mot dei største og sentral stadene.»

Vi meiner det er bra at ein vel å leggje dette faktumet til grunn for planarbeidet, og vår oppfatning er at dette bør vera eit førande for diskusjonar om regional utvikling framover. Difor vonar vi også at ein vel å nytte denne prosessen til å reise ein offentleg samtale kring dette. Eit auka fokus på dei regionale sentra er etter vårt syn heilt naudsynt om Noreg skal lukkast, og vi trur dei kan spele ei nøkkelrolle i utviklinga framover³.

Ein måte å møte utviklinga i folketalet på er etter vårt syn konseptet *desentralisert sentralisering* som med anna er omtala i Vestlandsmeldinga til Agenda Vestlandet / Sparebanken Vest. Her tek ein til ordet for at ein heller enn å dyrke motsetnadane mellom by og bygd kan utvikla ein modell som ser samanhengane, og som bidreg til vekst og utviklinga i regionen. I Vestlandsmeldinga frå 2021⁴ har ein som eit svar på ein del av utfordringane distrikta står ovanfor valt å peike på 19 kommunar på Vestlandet. Kommunane er valt ut basert på ei kvalitativ vurdering, og SSB sin sentralitetsindeks er lagt til grunn for utvalet. Desse kommunane ser ein føre seg kan vera «ankerkommunar», altså eit sentrum for ein sterk lokal region, og fungere som drivarar for verdiskaping og regionutvikling i dei ulike regionane.

Gjensidig avhengig

Vi merkar oss at ein under punkt 2.1 slår fast at dei regionale sentra og deira omland er *gjensidig avhengig* av kvarandre, og at det fordrar eit godt samarbeidsklima mellom senter og omland. Det trur vi er eit klokt grep.

Vi har tidlegare teke til ordet for at utviklinga i dei regionale motorane framover må skje i tett dialog og vevd saman med omlanda, men at ein vil fyrst lukkast skikkeleg når dei regionale

³ <https://www.initiativest.no/auk-fokuset-pa-dei-regionale-sentra/>

⁴ <https://vestlandsmeldinga.agendavestlandet.no/report/>

motorane og omlandet forstår at dei er gjensidig avhengig av kvarandre⁵. Altså meiner vi at det er heilt avgjerande å få etablert og utvikla ei forståing av at det ein *gjensidig avhengig* av kvarandre, dersom ein skal lukkast med reell samfunnsplanlegging i tråd med prinsippa som vert presentert i konseptet *desentralisert sentralisering*.

Dei regionale sentra og deira respektive omland inngår i det som vert omtala som felles bu- og arbeidsmarknadsregionar. Det betyr at mange av dei som arbeidar og bidreg til utviklinga og veksten i dei regionale sentra bur i omlanda, og motsett. Vi trur at dei som best klarar å kopla saman dette gjennom samfunnsplanlegginga framover, og evnar å sikre at både motorane og omlanda deira får ta del i utviklinga framover, vil truleg også vera dei som har best sjanse til å lukkast. Arbeidet med ein ny Regional plan for senterstruktur og berekraftige lokalsamfunn kan vera ein viktig brikke som bidreg til dette.

Infrastruktur som mogleggjer regional samhandling

Infrastruktur er alltid relevant på Vestlandet, også i denne samanhengen. Vi i Initiativ Vest har tidlegare peika på at infrastruktur er eit av forholda som vil avgjera i kva grad Vestlandet vil lukkast⁶. I denne samheng vil vi peika på særskilt to former for infrastruktur som vil vera avgjerande for å lukkast med å bygge opp solide regionale sentra, som kan samarbeide saumlaust med sine respektive omland.

For at ei slik tenking og planlegging skal lukkast meiner vi det er avgjerande at ein i planarbeidet peikar på behovet for å løfte fram og samle seg om dei store samferdsleprosjekta som byggjer saman regionen⁷. Det må sikrast at ein kan reise seg trygt og effektivt mellom dei regionale sentra, og mellom dei regionale sentra og deira respektive omland. Her vil vi løfte fram arbeidet som er gjort av fylkeskommunen i prosessen opp mot vedtaket av Nasjonal transportplan 2022-2033. Her lukkast ein endeleg om å samle seg om dei viktigaste prosjekta, og etter vårt syn er det viktig at ein held fast med dette.

⁵ <https://www.sognavis.no/gjensidig-avhengige/o/5-115-715089>

⁶ <https://www.initiativvest.no/desse-tre-forholda-vert-avgjerande-for-at-vestlandet-skal-lukkast>

⁷ <https://www.aftenbladet.no/meninger/debatt/i/QyWMgW/no-har-vi-sjansen-til-aa-byggja-vestlandet-saman>

Under kapitel 2.3 vert moglegheitene knytt til digitalisering løfta fram, og vi vil argumentere for at dette er heilt avgjerande dersom ein skal lukkast med å hente ut potensialet som ligg i ei styrka arbeidsdeling mellom dei regionale sentra og deira omland. Etter vårt syn representerer digitaliseringa, som har gjort store steg under Covid-19, store moglegheiter for digital samhandling. Vi vil difor argumentere for at dette får ein sentral plass.

Det opnar døra for å tenke nytt kring arbeidsdeling og desentralisert sentralisering internt i regionen, samstundes som ei slik tilnærming også bør gjera regionen (med dei regionale sentra i spissen) betre rusta til å huse nasjonale institusjonar og satsingar. Sjølv om dette er ein plan for regionale sentre, og dermed regional arbeidsdeling, trur vi det er klokt å også omtale potensiale for å huse nasjonale instisjonar og satsingar i dette planarbeidet. Ein bør tørre å ta nokre debattar og gjere nokre prioriteringar kring dette som vil kunne nyttast som føringar i vidare samfunnsplanlegging og strategisk arbeid.

For at ein skal kunne hente ut potensiale som ligg i digital samhandling er det vidare avgjerande at ein sikrar at den digitale infrastrukturen er på plass, og stadig vert oppdatert⁸.

Pilotar som kan auke kunnskapsgrunnlaget

I høyringsdokumentet er det via god plass til behovet for kunnskapsgrunnlag. I dokumentet legg ein opp til at det fyrst skal prioriterast fylkesdekkande kunnskap, samstundes som ein seier at ein vil bryte ned kunnskap på kommune- og regionsnivå der ein kan dette.

Som ein supplement til dette, og for å kunne utvikle modellar, vil vi ta til ordet for at ein peikar ut 1-2 regionar som ein alt frå starten ser særskilt på (pilotar). Vi trur dette vil kunne bidra til at ein får avdekka kunnskap, og får prøvd ut metodar og arbeidsformer som også andre regionar kan gjera seg nytte av. Dette meiner vi vil vera eit nyttig kunnskapsgrunnlag for kommunal og regional planlegging framover. Dette vil også kunne vera eit svar på ynskje som er avdekka i spørjeundersøkinga til kommunane som er referert under kapitel 3.3.

⁸ <https://www.initiativest.no/fart-pa-utbygging-av-breiband-kan-sikre-fart-i-distriktpolitikken/>

Når det gjeld vidare arbeid med dette planarbeidet ynskjer vi med dette å signalisere at vi gjerne bidreg med ytterlegare innspel og tankar inn i dette arbeidet, dersom de meiner dette vil vera føremålstenleg.

På vegne av Initiativ Vest.

Tommy Aarethun

Dagleg leiar

Initiativ Vest er ei uavhengig tankesmie som skal bidra til samfunnsutviklinga på Vestlandet. Vi meiner eit styrkja samarbeid på Vestlandet er naudsynt for å utløyse det store potensialet som finns her. Initiativ Vest skal synleggjera moglegheiter og utfordringar i regionen og bidra til ordskiftet på Vestlandet og i Noreg gjennom formidling av kunnskap, meiningar og framlegg som bidreg til den utviklinga vi ynskjer.

Les meir om Initiativ Vest på www.initiativvest.no.